



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Skikrinsstyret@

Sakshand.: KD/FÅ

Dato: 13.12.2021

Arkivk.: styret/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL MØTE NR. 04 I SKIKRINSSTYRET, 2021-2023

Stad: Thon Hotell Jølster

Tidspunkt: Måndag 13. desember, kl. 17.00-21.00

RAMMEPROGRAM, MÅNDAG 13. DESEMBER 2021

Program	Tidspunkt	Saker
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 17.00-18.00	Sak 23-30
Middag, juletalerken	Kl. 18.00-18.45	
Møte i Skikrinsstyret	kl. 18.45-21.00	Sak 31-41

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 23 21-23	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 24 21-23	Godkjenning av protokoll nr. 03 21-23 frå Skikrinsstyret
SAK 25 21-23	SFSK HKK referat Haustmøtet 2021
SAK 26 21-23	SFSK AK protokoll nr. 03 21-23
SAK 27 21-23	SFSK AK referat Haustmøtet 2021
SAK 28 21-23	SFSK LK protokoll nr. 02 21-23
SAK 29 21-23	SFSK LK protokoll nr. 03 21-23

RAPPORTERING

SAK 30 21-23	Rekneskapsrapport pr. 23.11.21
---------------------	---------------------------------------

ORIENTERINGSSAKER

SAK 31 21-23	Marknadsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins
SAK 32 21-23	Anleggsstatus
SAK 33 21-23	Søknad ekstraordinære midlar
SAK 34 21-23	Tilskot Vestland Idrettskrets

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 35 21-23	Søknad midlar til telemark breiddearrangement Sogndal Skisenter 18.12 og Sogn Skisenter 19.12.
SAK 36 21-23	Hoppsaka NSF – oppfølging
SAK 37 21-23	Skilubbutviklar
SAK 38 21-23	Budsjett 2022
SAK 39 21-23	Sogn og Fjordane leikane
SAK 40 21-23	Protokollskrivning – saksutgreiing og prosess
SAK 41 21-23	Møteplan 1. halvår 2022

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Anne Marie Svarstad, Anders Engeland, Jan Inge Årdal, Laila Bosdal-Thorsen, og Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL: Tonje N. Tangerud, Tor Arne Hov, Roger Ellingsund

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 23 21-23

**Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 24 21-23

**Godkjenning av protokoll nr. 03 21-23 frå Skikrinsstyret
Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 03 21-23 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 03 21-23.

SAK 25 21-23

**SFSK HKK referat Haustmøtet 2021
Bakgrunn**

Referat frå Hopp- og Kombinertkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referat til orientering.

SAK 26 21-23

**SFSK AK protokoll nr. 03 21-23
Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 03 21-23 i alpinksstyret er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 27 21-23

**SFSK AK referat Haustmøtet 2021
Bakgrunn**

Referat frå Alpinksstyret sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 28 21-23

SFSK LK protokoll nr. 02 21-23

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 02 21-23 i Langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protkollen til orientering.

SAK 29 21-23

SFSK LK protokoll nr. 03 21-23

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 03 21-23 i Langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 30 21-23

Rekneskapsrapport pr. 23.11.21

Bakgrunn

Rekneskap pr. 23.11.2021 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 23.11.2021:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
kr. 2 234 615,-	kr. 1 310 133,-	kr. 924 482,-	kr. 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
kr. 986 060,-	kr. 570 716,-	kr. 415 344,-	kr. 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
kr. 350 523,-	kr. 190 299,-	kr. 160 225,-	kr. 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
kr. 50 520,-	kr. 11 450,-	kr. 39 079,-	kr. 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
kr. 847 512,-	kr. 502 186,-	kr. 345 326,-	kr. 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 31 21-23

Marknadsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verkesemd	Grein	Går ut	Status
AVIS Bilutleige	AU	2021	Avtale går tom. 30.06.2021, adm. følger opp
Sparebanken Sogn og Fjordane	Langrenn	2023	Avtale går t.o.m. 2023
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2024	Ny avtale er reforhandla t.o.m. 31.05.2024
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale får til 30.04.2022 adm./ Jan Inge følger opp
Coop Nordvest SA	Alpint	2021	Avtale går t.o.m. 2021. ingen ny avtale
Fjord1	Alpint	2024	Ny avtale er forhandla t.o.m. 2024
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går t.o.m. 2021. Ny avtale er reforhandla
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021. Ingen ny avtale.
Intersport Sogndal	Alpint	2024	Ny avtale reforhandla t.o.m 31.05.2024.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek marknadsarbeidet til orientering.

SAK 32 21-23

Anleggsstatus

Bakgrunn

Leiar av anleggsutvalet og adm. orienterte om status for følgjande anlegg:

- Sogn Skisenter Heggmyrane – Hoppanlegg

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 33 21-23

Søknad ekstraordinære midlar

Bakgrunn

Vestland Fylkeskommune lyste ut ekstraordinære midlar i ei tilskotsordning som skal stimulere til gjenopptaking av kultur- og idrettsaktivitet i fylket. Det er til saman sett av 9 300 000 kroner til denne ordninga.

Pengane skal fordelast mellom desse områda:



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- idrett og friluftsliv
- frivillig kulturliv
- profesjonelt kulturliv

Støtta skal hovudsakleg gå til eller gjennom verksemder og organisasjonar med regionale nedslagsfelt og verkeområde.

Ein kan lese meir om støtta her;

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/ekstraordinare-midler-til-kulturaktivitet-som-er-raka-av-koronapandemien/>

Sogn og Fjordane Skikrins har søkt om støtte på kr. 50 000,- for prosjekt «skiklubbutviklar». Det er tenkt at denne støtta skal vere med å bidra til tilsetjing av skiklubbutviklar i krinsen.

Sogn og Fjordane Skikrins vart tildelt tilskot på kr. 33 000,-.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 34 21-23

Tilskot frå Vestland Idrettskrets

Bakgrunn

Vestland Idrettskrets har for 2021 tildelt særiddrett Ski kr. 113 020,- og har bedt dei to skikretsane om å bli einig om fordeling.

Etter dialog mellom Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins v/leiar og adm. er ein einig om ei 50/50 deling.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å godkjenne ei 50/50 deling.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 35 21-23

Søknad midlar til Telemark breiddearrangement Sogndal Skisenter 18.12 og Sogn Skisenter 19.12.

Bakgrunn

Skikrinsen har mottatt to søknadar om breiddearrangement telemark:

18.12.21 Breidde telemark Sogndal IL – Skidag Sogndal Skisenter

19.12.21 Breidde telemark Syril IL/ Luster IL – Skidag Sogn Skisenter

Søknadane ligg som vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å støtte arrangementa likt, med kr. 2500,- til arrangement ved Sogndal Skisenter 18.12.21 og kr. 2500,- til arrangement ved Sogn Skisenter 19.12.21. For å få utbetalt ber skikrinsstyret om å få tilsendt rapport med bilde og antal deltakarar frå gjennomføringa av arrangementet.

Skikrinsstyret ønskjer å få etablert ein telemarkskomite og oppfordrar arrangørane til å bidra med å etablere komiteen.

SAK 36 21-23

Hoppsaka NSF – oppfølging Bakgrunn

Alle kretsane har motteke brev frå Buskerud skikrets om saka. Dette er vidare sendt til skikrinsstyret. Svar frå NSF om evalueringsutval er og sendt styret.

Det kan virke som svært få eller ingen av dei andre kretsane vil svare på brevet frå Buskerud no. Det er og uvanleg at kretsane sender formelle svar til kvarandre. Men det er god grunn til å sjå på korleis og kven som styrer NSF.

Dette vert heilt sikkert ei stor sak fram mot skitinget i juni 2022. Vi som kretsar bør vere aktive i tida mot og på tinget for at vi skal jobbe for at blant anna openheit, god kommunikasjon begge vegar og stor takhøgde internt skal få stort fokus framover. Slik kan ein minske risikoen for fleire slike saker, og gje Skiforbundet eit betre omdømme på sikt.

Det eksterne evalueringsutvalet skal etter planen komme med sin rapport om saka midt i januar.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å avvente det eksterne evalueringsutvalet sin rapport. Vi vil sjå på Skiforbundets styring fram mot skitinget i juni 2022 og jobbe for ein open og ærleg organisasjon med god informasjonsflyt.

SAK 37 21-23

Skiklubb utviklar Bakgrunn

Vi har gjeve tilbakemelding til NSF på at vi vert med på opplegget med skiklubb utviklarar, og håper på raskast mogeleg utlysing. Sjølv om det manglar svar frå ein del kretsar er dei siste signala at det nærmar seg at ein kan lyse ut stillinga i Sogn og Fjordane.

Det kan bli utfordrande å få inn nokon raskt nok til at vi får nytte av det denne vintersesongen. Difor er det aktuelt å sjå på andre løysingar for å besøke klubbar med fokus på rekruttering.

VEDTAK

Skikrinsstyret håpar på ein rask oppstart for skiklubb utviklarprosjektet. Om ein ikkje får tilsett skiklubb utviklar denne sesongen vert det sett på moglegheiter til å leige inn andre til å gjennomføre klubbesøk.

SAK 38 21-23

Budsjett 2022 Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett for 2021 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2021 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 122 614,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 3 122 614,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontigent (årskontigent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigenandelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

- Markedsinntektene til Sogn og Fjordane Skikrins er budsjettert på noko mindre nivå enn 2021.
- Ver merksam på at følgjande markedsavtale er ferdig og vil ikkje gje inntekt i 2022; Coop Nordvest SA (alpint) og Bilhuset Førde (alpint).

Det er elles budsjettert med post-3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr. 30 000,- fordelt på rekrutteringsprosjektet, paraidrett, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane medan AU held igjen 12% til eiga drift, er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

ARBEIDSUTVALET

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr 105 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Skiting, Vår møte og Haustmøte 2022).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Hausmøter (i tråd med tidlegare praksis).

Krinsting

Det skal ikkje haldast krinsting i 2022.

Drift administrasjon

Markedsinntekter

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2022 er ca. 820 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i tilskot frå Idrettskretsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2021 syner.

Etter samanslåinga til Vestland Idrettskrets er dette tilskotet halvert.

Lagskontingent

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. vedtak i samband med Skikrinstinget 2021 og om lag same nivå som rekneskapstala for 2021 viser.

Momskompensasjon

Jf. Tidlegare retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med ca. kr 60 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear.

Lagbesøk

Under lagsbesøk er det budsjettert med kostnader knytt til klubb utvikling både i klubb og sone, inkludert korte kurs i klubb.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr. 20 000,- frå Idrettskrinsen (prosjektstøtte).

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjekt er det budsjettert med eit tilskot på kr. 10 000,- (post 3 midlar)

Det er vidare budsjettert med kostnader knytt til gjennomføring av rekrutteringstiltak.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Utedagen

Prosjekt *Utedagen* vert vidareført og det er budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot frå fylkeskommunen frå ordninga «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom».

På kostnadssida er det budsjettert med opplæring av instruktør og lærarar, honorar og reise til instruktør, og prosjektoppfølgjing.

Utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, post 3 midlar og kursinntekter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale m.m.

Paraidrett

Innanfor området paraidrett er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Inntektene er budsjettert frå NSF (post 3 midlar) på kr. 10 000,-, medan kostnadane er relatert til leige av skianlegg.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjektmidlar

Det er budsjettert med usikre inntekter på dette prosjektet, då desse må komme frå tilskot e.l. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp eit rammebudsjett på kr. 30 000,-.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Skiklubbutviklar

Prosjekt skiklubbutviklar er budsjettert med kostnad på kr. 62 287,-, og kr. 33 000,- i inntekter frå ekstraordinære tilskot Vestland Fylkeskommune.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -29 860,-.

ALPINKOMITEEN

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 808 040,- i driftsinntekter og kr. 808 040,- i driftskostnadar.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 293 040,- i overføring av markedsinntekter, jf. Samarbeidsavtalane med Fjord1 og Sparebanken Vest.

Samarbeidsavtalane med Bilhuset Førde og Coop Nordvest SA er avslutta.

Momskompensasjon er budsjettert til ca. kr. 30 000,-.

Det er også lagt inn kr. 20 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er om lag same nivå som budsjett for 2021 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 334 000,-.

NM

Ibhm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontigent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 15 000,-. Dette er om lag same nivå som rekneskap for 2019 viser.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -15 000,-.

Jr. NM

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontigent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 10 000,-. Dette er om lag same nivå som rekneskap for 2021 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -10 000,-.

HL

På Hovudlansrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontigent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -44 000,-.

Cup

Ifbm. Fjord1 rekrutteringstiltak er det budsjettert med kr. 10 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 10 000,-.

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontigent på 5 FIS-renn for kvar utøvar.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontigent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -15 000,-.

Samlingar/ krinslag

Samlingane er budsjettert i høve til alpinkomiteen sitt sportslege opplegg i 2022.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -233 000,-.

Alpinkomiteen

Til møtevirksomheit i alpinkomiteen er det sett av kr. 7 000,-.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 54 500,-, i driftsinntekter og kr. 54 500,-, i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Det er også lagt inn kr. 3 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 46 500,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 6 500,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -6 500,-.

HL

Ifbm. Hovudlannsrennet er budsjettert utan kostnader for 2022.

Det er budsjettert med at dette prosjektet skal balansere.

Cup

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med kjøp av premiar på kr. 5 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -5 000,-.

Hopp- og kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 5 000,-.

Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Det er ikkje budsjettert med inntekter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -30 000,-.

LANGRENNSKOMITEEN

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 592 000,- i driftsinntekter og kr. 1 592 000,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 392 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Momskompensasjon er budsjettert til kr. 30 000,-, om lag kr. 10 000,- mindre enn budsjettert dei seinare åra. Dette fordi driftskostnadane i 2021 gjekk betydeleg ned då fleire prosjekt for komiteane fekk ei avgrensa gjennomføring eller ikkje vart gjennomført grunn situasjonen med covid-19.

Vidare er det budsjettert med kr. 50 000,- i lisensar/ rennavgifter, tilsvarande nivå som budsjett for 2021.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 448 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta var frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med at prosjekta totalt sett skal balansere.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ibhm. NM, jr. NM og Hovudlansrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla ca. kr -110 000,-.

Cup/ SSF Cup

Ibhm. SSFcupen er det m.a. budsjettert med kr. 40 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnadar.

I tillegg er budsjettert med kr. 40 000,- i kjøp av premiar til SSF Karusell (sonerenn).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -85 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 2 hovudleiarar på NC jr. I tillegg overnatting for 4 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel då det blir gjort avtale med andre kretsar om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -100 000,-.

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 350 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), litt over nivå som budsjett for 2021 syner.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr. 150 000,- i kjøp av klede og kr. 190 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -145 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

GENERELL SLUTTKOMMENTAR Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2022.

I tillegg kan det vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2021 til 2022, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når Skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2022, når arbeidet med rekneskapen for 2021 er slutført.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek rammer for budsjett 2022.

SAK 39 21-23

Sogn og Fjordane leikane

Bakgrunn

Skikrinsen sitt arrangement Sogn og Fjordane-leikane, eit arrangement på tvers av alle greinene i Sogn og Fjordane Skikrins, er planlagt skal avviklast også kommande vinter.

Sogn og Fjordane leikane vart utsett førre vinter til vinteren 2022 grunna restriksjonar med smittevern, og at skikrinsen bidrog med tilpassa opplegg ut til skiklubbane på bakgrunn av innmeldt interesse.

Styret drøfta følgjande punkt i møtet:

- Stad og dato
- Bidrag frå ressurspersonar
- Bidrag frå greinkomiteane/ -miljøa
- Restriksjonar med smittevern og covid-19

Arrangementet bør også implementerast i greinkomiteane sine terminlister.

VEDTAK

Skikrinsstyret følgjer opp lågterskel, rekrutteringsaktivitet med sonebaserte arrangement. Set av økonomiske midlar frå rekrutteringspost.

SAK 40 21-23

Protokoll – saksutgreiing og prosess

Bakgrunn

Vi bør arbeide for at heile Skiforbundet er opne og har god infomasjonsflyt begge veier. For at skikrinsstyret skal få eit godt beslutningsgrunnlag er det viktig at vi får til å sende ut ei best mogeleg saksutgreiing i innkallinga. Denne har vore vanleg å legge offentleg ut på våre nettsider etter kvart styremøte. Det bør kunne gje alle eit godt innsyn i kva vi jobber med.

VEDTAK

Skikrinsstyret og komiteane legg etter kvart styremøte som hovudregel ut protokoll med både bakgrunn med saksutgreiing og vedtak offentleg på våre nettsider. Det kan gjerast unntak om ein har saker som ikkje bør offentleggjerast. Dette kan vere personalsaker og saker som gjeld enkeltpersonar.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

SAK 41 21-23

Møteplan 1. halvår 2022

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset møteplan 1. halvår 2022.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak om møteplan for 1. halvår 2022:

Neste møte: måndag 31. januar (teams) kl. 20.00

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef